

60.000 i offentleg støtte, men kva skjer vidare?

27.06.2008



Kristian Bringedal: - Kva skal skje vidare? (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Bygdeutviklingsprosjektet i Uskedalen har fått 60.000 kroner i offentleg støtte samla over tre år, opplyser prosjektleiar Kristian Bringedal i ei oppsummerting.**

**Uskedalen Utvikling er nyleg løyvd 10.000 i områdemidlar for dette året medan søknadssummen var 40.000.**

Dette er tredje året det vert søkt og løyvd midlar til det verdfulle arbeidet UU gjer med tilrettelegging og gjennomføring av gode tiltak i bygda.  
Prosjektet var lova midlar i to-tre år og det er såleis viktig korleis arbeidet kan førast vidare utan offentleg støtte frå 2009, påpeikar Bringedal.

Han slår fast at dei midlar ein så langt har hatt til rådvelde har hatt stor synergieffekt og stimulert til mange gode og varige tiltak.

- Det mest verdfulle er likevel arbeidet for auka samarbeid og forståing for at om ein skal lukkast, må ein samla kreftene og ressursane og koma fram til semje om felles tiltak og strategi, seier Bringedal.

Det vert no og ut året arbeidd vidare med dei mange gode tiltaka som er meldt inn og drøfta i forlenginga av prosjektet – det som er døyp Dialogforumet.

Av Ola Matti Mathisen